

Børke (gnr. 36)

Birki: Gamalt namn som viser til ein stad der det veks bjørk, ein bjørkelund.

I gamle skrivne kjelder finn ein gardane Birki i Fåberg omhandla i 2 diplom fra 1300-talet. Det eine er eit ennå bevara skinnbrev av 1381, som fortel om eit jordbyte mellom Nordre Birki og ein annan gamal gard i Vingrum av namn Uppsalir. Det andre skinnbrevet er av 1390 og fortel om ein handel med Sydre Birki. Både dei gamle dokument viser altså til ein enda eldre udelt gard Birki på dei same tufter eller like ved. Som eit tydeleg døme på at vår norske bjørk sikkert framleis trivst her, tek vi elles her med eit bilete av Storbjørka på Børke som mange har sett ho.

Biletet
av
Storbjørka

I år 1442 var iallfall den eine av gardane Børke sikkert med ved det store jordbytet mellom Biskop Olav av Bergen og ridder Benkt Harniktsen. Gardnamnet er elles da skrive "Byrkjer j Wingreme". Ved utlikningen av Bygningsskatten 1594 er garden ført i gruppa for "Halllfue gaarde", og namnet er skrive Biercke. Ved utskrivninga av Tiendekorn 1604 var tienda av Biercke 1½ tønne som for Ravnum, Prestrud og Ovren. I 1603 går det fram at oppsittaren på garden heitte Oluff Biercke, og at han da var bygsjar og brukar av 1 hud krongods og 1 hud fru Giørvilds gods. Men i 1645 hadde det atter vore brukarskifte, og den nye brukaren, Torgeir Bierche betalde den utskrivne ekstraskatten Kopskatten 1645 for kona si og seg sjølv med tilsm. 1 mark i pengar.

Dette var under dei langvaruge krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein annan ekstraskatt: Kvegskatten 1657, så kalla fordi skatten da vart utrekna etter krøtertalet på gardom. Der er det så vidare fortalt om "Bierche" at Torgeir framleis var brukar der, og at husdyrhaldet der på Bierche da var: 1 hest, 2 hopper, 7 naut og 15 sauer. Men åtte år seinare var i 1665 "Presten bruker" på Biercke, og det er vidare oppgitt at den samla landskyld av garden da var 2 huder 4 skinn.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med namnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet skrive "Bierche", og oppsittar på garden var i den tid Dortte Hansdatter. Landskylda var som før nemnt i alt 2 huder 4 skinn, men eigarar av garden var da: Kongen for 1 huds landskyld, 1 hud var Cannonigods, og dei 4 skinn var kyrkjegods under Fåberg-kyrkja. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 16 naut, og korntienda vart utreidd ved 3¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 32½ tønne. Eng, innmarka er oppgitt til å vera god, og garden Børke hadde da fått seter og sommarbeite for krøtera på "Vismoesetter". Ein merker seg elles at Børke hadde eige kvern, kvernbruk, som det vart svara kverntoll av.

Av "Rulle over Gudbrandsdalens fogderis soldatlægder 1693, Fåberg Sogn" går det vidare fram at Børke da hørde med i 5. lægd saman med Øyre, Vottestad og Rafneberg, og at dei rulleførde soldatar frå Børke i den tid var "Ole Nielsen, bundens Søn, 15 år, og Ole Biørnsen, tjenestedreng, 20 år".

Tre år seinare fekk i 1699 bygselbonden Oluf Nielsen Bierche skjøte frå Oberst Reichwein på 1 hud gods i Bierche og bygsel over 1 hud cannonigods og 4 skinn kyrkjegods. Ni år seinare selde oberst Reichwein også odelsretten sin garden Bierke til Ole Nielsen for 50 rd.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Biercke" vidare fortalt at garden ligg i sollia og at jordarten der er god, men "noget tørlent". Husdyrhaldet på garden var da 4 hestar, 20 naut, 20 sauer og 16 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde da 6-7 tønner bygg og litt rug. Det var skog nok til gjerdefang og brenneved, og setra hadde god hamn og slåttar til 2 lass høy.

Ole Nielsen var framleis brukar på Bierke også i 1737. Han oppådde da å få kongeskjøte for seg og arvingane sine frå Friderich den fjerde konge til Danmark og Norge på "deres eiende andel i gaarden Bierke av skyld 1 hud uten bøxel for sum 70 rd." Men etter nye åtte år var det i 1735 brukarskifte på garden, og eldste sonen Niels Olsen fekk da søskenskjøte på farsgarden Bierche, som namnet framleis kunne vera skrive i den tid.

Den nye husbonden Niels Olsen vart elles ingen gamal mann. Han var alt død i 1745, og det var da arveskifte på "Bjerke i Faaberg". Ved dette skiftet vart jorde-godset i Bjerke, da av skyld 2 huder, verdsett til 380 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1597 rd. og netto 1550 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enka Anne Olsdr. f. Boro, dei 2 borna, sønene Ole, som da var 12½ år, og Christen, som var 9 år. Kyrkjeboka fortel elles at det og hadde vore to søner til, Ole Nielsen og Jo Nielsen, som baa døde i smittsam barnesjukdom i 1743. Frå den tid enka Anne Olsdr. sjølv brukte garden, er elles eit auksjonsskjøte som her er av stor interesse, og som etter utskrift av pante-boka fortel dette:

"Bierche.

Auksjons kjøte dat. 14. april 1745 tgl. 16. juni s.å. Hvorved 4 skind i grdn. Bierche i Faaberg prestegjeld belig. tilhørende Faaberg hovekirke og Lillehammer anneks blev solgt til den avdøde opsidders enka Anne Olsdr. Bierche for 20 rd. Av denne sum har hun kontant betalt 11 rd. 2 ort 16 s. og de øvrige 8 rd. 1 ort 8 s. skal bli stående i bem. 4 skins i Bierche mot at svare årlig til kirken derav rente med 40 s."

Enka Anne Olsdr. Biercke gifta seg same året oppatt med Ole Halvorsen, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born, nemleg: a. Niels f. 1747, b. Kari f. 1749, c. Karen f. 1751. Ole Halvorsen og Anne Olsdr. Bierke brukte så garden til i 1758, da dei skjøta Bierke over til odelsarvingen Ole Nielsen f. 1733. Etter det døde den velkjende og særs dugande husfrua Anne Olsdr. Bierke i 1759.

Enkemannen Ole Halvorsen gifta seg oppatt med Siri Hansdr., og dei to brukte så Børke saman til i 1764, da husfrua Sire Hansdr. var død og det atter var arveskifte på "Beirche i Faaberg". Ved dette skiftet er det elles opplyst at jordegodset i arvebuet, Beirche av skyld 2 huder 4 skinn vart verdsett til 400 rd. og at arvingane ved skiftet var enkemannen Ole Nielsen og "avdødes eneste efterlatte søn Niels Olsen."

Frå år 1766 er ei sak som på fleire måtar kastar lys over tida, og som etter utskrift av tingboka framstiller saka slik:

Børke i Fåberg.

9. okt. 1766

Ole Nielsen Bierche har ved sin beslektede Jørgen Barlund innstevnet sine naboer Amund Iversen og Johannes Olsen i anledning av deres dristige og meget formastelige gjerning, idet

de siste vinter angrep citanten og hans folk mens de arbeidet med å framdrive en del tømmer, så at de måtte forlate arbeidet og 9 tømmerstokker. De innstevnte leverte sitt skriftlige innlegg. Endel vitner ble avhørt.

Efter vederpartenes begjæring utsattes saken til vårtinget.

31. mars 1767

Efter framlagt kontrastevnemål utsattes saken til sommertinget.

Ole Nielsen Bierche f. 1731 brukte Børke til 1790, da han skjøta ættegarden av skyld 3 huder 4 skinn over til sonen Niels Olsen for kjøpesum 1195 rd. og føderåd for resten av levetida til faren Ole Nielsen og stemora Marthe Erichsdr.

Niels Olsen som kjøpte Børke i 1790, hadde ellers ættegarden i to år til 1792, da han skjøta "Biercke" av skyld 2 huder 4 skinn over til Samuel Akeleye for kjøpesum 2999 rd.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 4 familiar på Børke. Dei 4 familieane var:

1. familie:

1. Samuel Acheleye, husbonden, "Proprietair og Gardbeboer, 39 år.
2. Berthe Malene født Alberts, kona hans, 48 år, 3. Johanne Petronelle, dotter deres, 12 år, 4. Guttorm Sølvfæstsen, tenestkar, 42 år, 5. Iver Olsen, tenestkar, 20 år, 6. Anne Sølvfestsdr., tenestkvinne, 47 år, 7. Gunnhild Pedersdr., tenestkvinne, 18 år, 8. Marit Olsdr., tenestkvinne, 38 år, 9. Sønnøv Olsdr. tenstkvinne, 20 år, 10. Anne Pedersdr., "Pleye Barn", 10 år,

2. familie:

1. Ole Nielsen, Føderådsmann, 69 år, 2. Martha Erichsdr., kona hans, 53 år, 3. Erich Olsen, son deres, 29 år, 4. Hans Olsen, son deres, 20 år, 5. Ole Olsen, skoleholder, 26 år, 6. Mari Olsdr., dotter deres, 17 år.

3. familie:

1. Lars Olsen, husmann med jord, 56 år, 2. Inga Poulsdr., kona hans, 49 år, 3. Ole Larsen, son deres, skomaker, 21 år, 4. Poul Larsen, son deres, 15 år.

4. familie:

1. Jon Arnesen, husmann med jord, 34 år, 2. Kari Sølvfæstsdr., kona hans, 38 år, 3. Arne Jonsen, son deres, 2 år, 4. Anne Vincentsdr., mor til mannen, "Inderste og nyder almisse av Bøygen".

Om plassen Bjerkestuen ved Bjerke handlar ei sak av 1806. Husbonden Samuel Acheleye gav da skjøte til Nils Olsen Bjerkestuen på plassen av samme namn "Bjerkestuen tillikemed engen Rønningen av skyld 5 skind for kjøpesum 600 rd." Ein merker seg at husbonden tok at rett til "halvdelen av det fiskeri som både er og kan bli på Bjerkestuens grund".

Året etter gav den 7. juni 1807 Samuel Acheleye skjøte til svigersonen Haagen Ouren på grd. Bjerke framleis av skyld 2 huder 4 skinn for kjøpesum 2000 rd. Samtidig lånte kjøparen Haagen Ouren 1000 rd. Av Tosten Tommesen Jørstad på Lunde mot 1. pr. pant i Bierke av skyld 2 huder 4 skinn. Året etter lånte elles Haagen Ouren også 1500 rd. av Tosten Jørstad, visstnok på Lunde i Gausdal, mot pant i Bjerche, da av skyld 3 huder 4 skind og pant i "sitt løsøre på Bjerche som på Koteruud, samt 1 års avl og avgrøde på begge disse gårder". To år seinere selde elles Niels Olsen Bjerkestuen pl. Bjerkestuen til husbonde Haagen Ouren for kjøpesum 600 rd. Ein merker seg elles at i 1806 hadde fogden og innstemnt "handelskarl Haagen Ouren for forøvet krohold", men saka vart utsett. Av 1819 er ein tinglyst obligasjon

frå Haagen Ouren til den nye Norges Bank for lån av 250 spd. mot pant i Bjerke og Bjerkestuen.

Same året, altså 1819, kom det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Bjørke med Ravnnumsbakken" oppgitt at dei store husdyr der i den tid var: 5 hester og 24 naut, og at den årlege kornavlinga på desse to gardsbruk tilsaman var kring 90 tønner. Det er elles oppgitt at det da var berre 2 husmannsplassar til Børke.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn, fisk og smør skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 62 Børke med Ravnnumsbakken fekk da som si nye matrikkelskyld: 12 skylddalar 2 ort 15 skilling, og det var da Samuel Ouren som var oppsittar på Børke.

Dette at Børke i så lang tid tilhørde ein proprietærfamilie, som og budde der, sette snart sine tydelege merke på fleire måtar. Ikkje minst merkast det på tilbygging til og nybygging av meire moderne hus kring det etter måten flate og romslege tunet der på Børke. Her kunne dei da og ta imot og skaffe godt brukande lokale for Gudbrandsdalens Amtsskole da den på si flytting mellom bygdene også kom til Fåberg.

Av 1860 er ei tinglyst sak mellom Samuel Ouren og K. Morterud m.fl. om ei lenseinnretning "der af Sidstnevnte er opført i Strømmen, som herefter for Bjerkes Eiers Vedkommende tillades staaende mod en aarlig afgift av 40 – firti – Spdlr. m.m."

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Børke da oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 466 mål, og av dette var 153 mål av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Børke gard i den tid var: 7 hestar, 20 storfe og 31 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm.: 4 storfe og 14 småfe. Ført på denne måten var den årlege utsæd i den tid: a. på sjølve Børke gard: ca. 18½ tønner korn og 32 tønner settepoteter, men dertil var: b. utsæden på husmannsplassane til Børke: 1½ tønner korn og 3 tønner settepoteter.

I 1800-åra var det to utskiftingsforretningar der Børke hadde gamle hevdvundne rettar. Den eine var utskiftinga av "Skjelbrei- og Aalkjernermarkens Sameieskog i 1870-71, og den andre galdt ei utskifting av innmark mellom gardane Børke og Ravnum i 1873. Same året, altså i 1873, skjøta så brukaren Samuel Ouren grd. Børke over til svigeronen Bendik Evensen Baaberg for kjøpesum 4000 spd. Og eit føderåd til svigerforeldra Samuel Ouren og Kari Tostensdr. verdsett til 500 spd

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. "Børke med Ravnnumsbakken" fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 36 av samla skyld 22,55 mark, og det var da framleis Bendik Evensen Baaberg som var eigar og brukar av Børke.

Fem år seinare vart det i 1891 tingleise ei semje mellom fleire gardbrukarar om eit veganlegg i Fåberg Vestfjell, og av 1898 er eit gavebrev frå Bendik og Johanne Baaberg til Faaberg Sognemenighet "af hus på Bjerke kirkegaard".

Her ved hundreårsskiftet tek vi elles med at ved kommunevalet i 1901 budde det da 5 personar med røysterett på og/eller ved Børke. Dei fem personane var: 1. gardbr. Bendik Baaberg, 69 år, 2. husmor Johanne Samuelsdtr., kona hans, 64 år, 3. gardbr.son Samuel Bendiksen, 30 år, 4. gardbr.son Martin Bendiksen, 26 år, 5. husmann Martin Iversen Leirviken, 41 år. I manntalet er det elles oplyst at gardbr. son Even Bendiksen, som da var 28 år, ikkje budde på Børke dei to siste år. (USA)

Av tre år seinare er ei ”Ærklæring fra Samuel Baaberg og Johanne Baaberg med tilladelse for Lillehammer Lændse til at opsætte Doppe fra Lændsens Spids mot nord efter strømmen”. Av 1908 er ei ”Overenskomst mellom Eierne ad Lillehammer Læns og Kristiania Tømmedirektion om Sidstnævntes Overtagelse af Lænsen for 15 år fra 1.1.1908.

Av handlar i seinare tid med Børke eller parsellar av garden tek vi her elles med at i år 1900 hadde sonen Martin B. Baabeg tatt over og var brukar av garden, og i 1939 kjøpte så Halvard Steinum grn. 36 brn. 3 Strømnes av skyld 0,80 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 3 gardsbruk under grn. 36 Børke med kar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 dekar. Dei tre gardsbruk var: a. Grn. 36 brn. 1 Børke med eit jordbr.areal på ca. 200 dekar, som Martin Baaberg da var eigar og brukar av, b. grn. 36 brn. 3 Børkjedal med eit jordbr.areal på ca 20 dekar, som Isak Rindal var eigar av, c. grn. 36 brn. 3 Strømsnes, jordbr.areal ca 10 dekar som Halvard Steinum hadde.